


Tur til eit av dei finaste utsiktspunkta på Øvre Ålsåsen

Dei fleste av dei merka stigane på Øvre-Ålsåsen er gamle bufarvegar til stølane som ligg her. Dei går frå både Øvre-Ål og Kvinnegardslia og kryssar ofte kvarandre. Det er dermed gode moglegheiter for å gå rundturar, både korte og lange. I tillegg er det fint å ta avstikkarar til toppane i området.

Ein av dei korte og barnevennlege rundturane går om Buhovda. Frå toppen er det storslått utsyn mot både Hallingskarvet og Ålingsfjella. Samstundes er dette det høgaste punktet langs dei merka stigane på Øvre Ålsåsen.

Rett før stølen Halle er det eit startpunkt med infotavle. Følg merkinga forbi stølen før du går ryggen opp på Buhovda. Frå toppen går det stig ned til Holtetjødne, Ta gjerne ein rast her før du går tilbake til Halle.

Lenger sør-aust på Øvre Ålsåsen er det registrert to bogasteller. Dette er ein type kulturminner som kan sjåast i samanheng med fangstanlegg på høgjellet heilt attende til 1500 f. Kr. Bogastella fungerte som skjulestad for jegerar, slik at dei lettare skulle komma på skothald av rein, men også andre dyr.





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000 og tur og sykkelkart Al/Gol/Hemsedal 1:60.000




Foto: Torleiv Torgersen

 Fv. 246 til Holto i Kvinnegardslia. Ta av mot Hevjanåsen, køyr forbi avkøyringa til Mykingstølen og fortsett til Hallestølen (Halle). Frå fylkesvegen er det ca 4.5 km til parkeringa. Betalingsbom

 På parkeringsplass med infotavle ved Halle (Hallestølen) på Hevjanåsen.

 Ca 3.5 km for rundturen om Holtetjørne. 1075 - 1149 moh

 Bogasteller brukt i samanheng med fangstanlegg på høgjellet.

 Lettgått tur med flott utsikt

